



Nyheitsbrev Voss herad 2020

September 2018

Nytt kommunevåpen

Det er no berre vel 450 dagar att til me er ein ny kommune. Det nye kommunevåpenet er alt godkjent og tatt i bruk.

Fredag 14. september feira Fellesnemnda kommunevåpenet med både kake og utdeling av pins.

Våpenet er ein kombinasjon av fargane til Voss kommune og symbolet til Granvin herad.




Lokaldemokratiet skal styrkast gjennom politisk organisering

Voss herad vert ei stor geografisk eining med mange lokalsenter, nærsenter og grender. Avstanden mellom innbyggjarane og dei folkevalde vert større, jo større kommune. Dette er det viktig å ta omsyn til, og difor vert det lagt til rette for ulike former for involvering og for å styrka lokaldemokratiet. Grendautval, innbyggjarframlegg og open time er eksempel på korleis ein vil sikre involvering av innbyggjarane i heile kommunen. Eit utkast til politisk organisering og reglement for Voss herad 2020 er sendt på høyring til dei to kommunane med høyringsfrist i desember 2018. Etter dette vil Fellesnemnda gjera endeleg vedtak om framtidig politisk struktur. Dersom du vil lese heile høyringsutkastet finn du dette her: [Høyringsdokument](#)



Kommuneplan—arealdel

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er i gang. Fristen for innspel til ny arealbruk i arealdelen av kommuneplanen gjekk ut 7.mai. Det har kome inn omlag 200 innspel. Eit viktig fundament for arbeidet er å ha ei forankring av ein arealstrategi. Det vil sei korleis ny arealbruk i den nye arealplanen skal vera på sentrale område som bustader, fritidsbustader, næringsutvikling/næringsareal og offentlege føremål/ anna areal. Fellesnemnda har vedtatt viktige prinsipp for korleis ein skal arbeida vidare med innspela som er kome inn og føringar for arealdelen i kommuneplanen. Fellesnemnda var særleg opptatt av senterstruktur og framtidig bustadbygging i den nye kommunen: «I Voss herad ønskjer me levande grender. Det er ønskeleg med bustadbygging i heile kommunen. Bustadareal bør lokaliserast i nær tilknytning til eksisterande busetnad og infrastruktur. I samband med lokalsentra bør bustadareal lokaliserast i nær tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur, handelstilbod, skule, barnehage og andre offentlege tilbod. Busetnaden skal planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.»





Nyheitsbrev Voss herad 2020

September 2018

Felles kommunestyremøte for Granvin og Voss

I slutten av september møtes heradstyret i Granvin og kommunestyret på Voss i felles møte. Program for dagen vil vere gjennomgang av resultatane etter lokaldemokratiundersøkinga som vart gjennomført blant folkevalde og innbyggjarane i dei to kommunane i våre. Victor Ebbesvik frå KS-Vest kjem og presenterer undersøkinga. Deretter vil det verte gruppearbeid og gjennomgang i plenum der gruppene skal kome med føringar for korleis dei ynskjer at Voss herad og Fellesnemnda skal arbeide vidare med resultatane.


Reidar Meel, kommuneplankoordinator Voss herad, skal vidare presentere hovudmål, strategi og visjonar for den framtidige kommunen. Kommunestyre- og heradsstyrerepresentantane skal sjølvstogt også her få delta med å kome med sine meiningar.



Reidar Meel

Dei 7 gjennomgåande tema i kommuneplanen har blitt utvikla gjennom ein grundig prosess der kommune- og heradsstyret, fellesnemnda, ungdomsråda, næringslivet og administrasjonen i begge kommunane har deltatt. Tema er: Folkehelse, Innovasjon og utvikling, Folkevekst og bustadutvikling, Samfunnstryggleik og beredskap, Det grønne skiftet og Kommunale tenester.

Hovudmål, strategi og visjonar



Alle tilsette skal vere innplasserte i stillingar våren 2019



Partsamansett utval og Fellesnemnda gav alle prosjektleiar Arild McClellan Steine si støtte til å framskande fristen for at alle tilsette sine stillingar skal vere plasserte i den nye organisasjonen innan 1. april i 2019. Kommunal- og stabsavdelingane arbeider no med kartlegging og korleis den framtidige organisasjonen skal sjå ut.